



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 03.11.2011
Møtetid: 15:00 - 17:50
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 1 varamedlem.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope	Eva Hellevang

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann og assisterande rådmann. Einingsleiar for interne tenester, it-konsulentane og politisk sekretær møtte under presentasjon og handsaming av sak 40/11

Merknader:

Øyvind Røen var ugild i sak 42/11.

Orienteringar/meldingar:	
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	Brev datert 21.09.11 frå ordførar til Helse Bergen vedk. forespørsel om møte vedk. medfinansiering av First-Responder ordninga.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10.11.2011

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
039/11	11/561	Faste saker	
040/11	11/544	Innføring av digitale løysingar for folkevalde i Samnanger	
041/11	11/375	KVU E39 Akسدal-Bergen - uttale frå Samnanger	
042/11	11/313	Ansvars- og oppgåvefordeling mellom kyrkja og kommunen	
043/11	10/519	Evaluering av tenesta med førstehjelpsbil i Samnanger kommune	

SAKNR. 039/11 FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
-

03.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: faste saker vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter:

Gunnar Bruvik: Skogryddinga langs vegane er svært bra, men er det forskjøning eller linjerydding og vil dette halda fram? Administrasjonen orienterte om kommunen sitt prosjekt: ”Sjå Fjorden” som er eit samarbeid med vegvesenet.

Bright Olav Gåsdal viser til fylkeskommunen sitt ynskje om å selja seg ut av ASVO-verksemder. Samnanger er medeigar i Norheimsund Industrier. Han er gjort merksam på at det er ein del uro i verksemda. Han retta spørsmål til ordførar om ho var kjend med dette og korleis me som eigar fekk informasjon.

Ordførar svara at ho ikkje sat i styret, men møtte på generalforsamling. Ho har tidlegare og med visning til praksis i BIR bedt om at det vert haldne eigarmøte i Norheimsund Industrier. Dette har ikkje vorte fulgt opp, og kommunen har i dag ikkje informasjon om situasjonen som her vert nemnd. Ordførar vil ta kontakt med styreleiar og evt. koma attende med informasjon til kommunestyret den 17. 11.11.

På spørsmål frå Gåsdal om status for kommunestyret sitt vedtak om sal av aksjepost orienterte rådmann om at det var gitt melding til meglarhuset om vedtaket og at dette vert fulgt opp av dei.

Øyvind Røen stilte spørsmål om sjukefråveret i PLO. Rådmannen orienterte om at dette vert arbeidd med og det pr. d.d. ikkje er bestemt kva verkemiddel kommunen vil nytta.

Han stilte og spørsmål om vedtaket om vintervegvedlikehaldet og korleis dette er kommunisert ut til innbyggjarane. Han viste til at kommunen har gitt klar melding om at det ikkje er lovleg for private å kvitta seg med snøen i den kommunale vegen, men at kommunen sjølv kvittar seg med snøen inn på privat eigedom/oppkjørslar m.m. Han finn dette urimeleg og peikar på problem for eldre og sjuke som i einskilde høve ikkje kjem seg ut. Rådmannen informerte om at spørsmålet vart teke opp internt førre gang det vart teke opp, men at dersom ein skal rekke over alt er det ikkje mogleg å la vera å leggja att snø i innkjørselen til folk. Dette er og praksis t.d. langs fylkesvegane i kommunen.

FORM-039/11 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

SAKNR. 040/11 INNFØRING AV DIGITALE LØYSINGAR FOR FOLKEVALDE I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert frå 01.02.2012 innført "digitale løysingar" for folkevalde i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og utvalet for oppvekst og omsorg. Det skal før årsskiftet 2011/2012 kjøpast inn nettbrett (Apple iPad) til alle kommunestyrerepresentantane og 1. vararepresentant i kvart parti/på kvar liste. I tilfelle ordninga skal utvidast til å inkludera 2. varamedlem, må det løyvast meir midlar.

Det vert frå 01.02.2012 ikkje lenger sendt ut sakspapir/møtedokument i papirversjon til kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og utvalet for oppvekst og omsorg

Det vert vist til skisse i saksframlegget i saka for nærare detaljar om innhaldet i ordninga med digitale løysingar for folkevalde i Samnanger.

Presiseringar:

- *Folkevalde må få tilbod om opplæring i bruk av nettbrett/digitale løysingar i samband med oppstart av ordninga. Opplæringa vert gjennomført i samband med ordinære møte i kommunestyret/utvala.*
- *Det vert ikkje høve for folkevalde (enkeltpersonar) til å reservera seg mot å ta i bruk dei digitale løysingane som vert innførte 01.01.2012.*
- *Det vert føresett at folkevalde har (tilgang til) breiband. Kommunen dekkar ikkje utgifter til etablering av breibandsabonnement for folkevalde som ikkje har dette i dag.*
- *Kommunen dekkar ikkje abonnementsavgift til breiband for folkevalde.*
- *Kommunen dekkar utgifter til skifte til trådløse router dersom dette er nødvendig for å bruka kommunalt nettbrett.*
- *Folkevalde som ønskjer å skriva ut dokument heime, får høve til å henta opptil 500 A4-ark per kalenderår på kommunehuset.*
- *Kommunen dekkar ikkje utgifter til skrivar/blekk/toner for folkevalde som skriv ut saksdokument heime.*
- *Folkevalde har som hovudregel ikkje høve til å få skriva ut saksdokument på kommunehuset.*
- *Dei folkevalde har høve til å kjøpa nettbrettet til nedskriven verdi når utlånet opphøyrer. Dette gjeld: (1) Ved valperiodens slutt (for dei som ikkje held fram som folkevalde etter valperioden). (2) Dersom ein folkevald flyttar frå kommunen i valperioden, eller av anna årsak går ut av det politiske vervet i valperioden. Avskrivningstida vert sett til 4 år, med 25% avskrivning per år.*
- *Utlånte datamaskinar skal behandlast på forsvarleg måte. Utgifter i samband med skader som skuldast uforsvarleg/uforsiktig behandling av datamaskinen, må normalt betalast av den folkevalde sjølv.*

03.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigte Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: " Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:" Det skal kjøpast iPad også til 2. vararepresentant for kvar liste/parti til kommunestyret, og samstundes sikra at 1.vararepresentant til kvar gruppe/parti i Formannskapet, Naturutvalet og utval for Oppvekst og omsorg. Meirkostnaden skal dekkast ved bruk av fondskonto: midlar avsett til breibandutbygging. "

Det vart røysta alternativt over framlegga. Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-040/11 VEDTAK:

Det skal kjøpast iPad også til 2. vararepresentant for kvar liste/parti til kommunestyret, og samstundes sikra at 1.vararepresentant til kvar gruppe/parti i Formannskapet, Naturutvalet og

utval for Oppvekst og omsorg. Meirkostnaden skal dekkast ved bruk av fondskonto: midlar avsett til breibandutbygging.

SAKNR. 041/11

KVU E39 AKSDAL-BERGEN - UTTALE FRÅ SAMNANGER

03.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase sette fram følgjande framlegg:” KVU E39 Aksdal-Bergen – uttale frå Samnanger.

Samnanger kommune tilrår at det vert vald Indre line via Fusa; K5B.

Indre trasè vil gje Samnanger, Fusa, delar av Kvam og Kvinnherad og Tysnes tilgang til Bergen innan akseptabel arbeidsreisetid (45- 50 min. pendlartid). Det vil og løysa ut vesentlege landområde både for næring og busetnad for Bergensregionen. Det betyr også at reisetida mellom Odda og Bergen vert redusert med om lag 50%. Den indre traseen vil gjera det mogleg å knyta delar av indre Hordaland med Bergensregionen. Desse problemstillingane bør vera interessant med tanke på samfunnsutvikling for heile fylket, men dei er lite vektlagt i utgreiinga.

Koplinga mellom E 134 Haukelid – Austlandet er heller ikkje vektlagt i utgreiinga. Den indre traseen vil gje store delar av områda sør for Bergen og innover til Hardangerfjorden ei rask og sikker trafikkåre mot Austlandet og då særleg mot Grenlandsområdet.

I diskusjonen har og spørsmålet om ein indre trase over Gaupholm vore trekt inn. Denne er ikkje med i konseptutgreiinga og vert derfor ikkje drøfta vidare.

Med tunellen bak Ytre Tysse på plass, vil den indre traseen – K5B – gje innbyggjarane i Samnanger ein rask og god veg særleg til Bergen sør samstundes som det gir veg av svært mykje betre standard enn i dag sørover heilt til Stavanger. Dei andre alternativa vil ikkje gje effekt for Samnanger utover at vegnettet i fylket sørover vert betra. For Samnanger er K5B klart det beste alternativet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-041/11 VEDTAK:

KVU E39 Aksdal-Bergen – uttale frå Samnanger.

Samnanger kommune tilrår at det vert vald Indre line via Fusa; K5B.

Indre trasè vil gje Samnanger, Fusa, delar av Kvam og Kvinnherad og Tysnes tilgang til Bergen innan akseptabel arbeidsreisetid (45- 50 min. pendlartid). Det vil og løysa ut vesentlege landområde både for næring og busetnad for Bergensregionen. Det betyr også at reisetida mellom Odda og Bergen vert redusert med om lag 50%. Den indre traseen vil gjera det mogleg å knyta delar av indre Hordaland med Bergensregionen. Desse problemstillingane bør vera interessant med tanke på samfunnsutvikling for heile fylket, men dei er lite vektlagt i utgreiinga.

Koplinga mellom E 134 Haukelid – Austlandet er heller ikkje vektlagt i utgreiinga. Den indre traseen vil gje store delar av områda sør for Bergen og innover til Hardangerfjorden ei rask og sikker trafikkåre mot Austlandet og då særleg mot Grenlandsområdet.

I diskusjonen har og spørsmålet om ein indre trase over Gaupholm vore trekt inn. Denne er ikkje med i konseptutgreiinga og vert derfor ikkje drøfta vidare.

Med tunellen bak Ytre Tysse på plass, vil den indre traseen – K5B – gje innbyggjarane i Samnanger ein rask og god veg særleg til Bergen sør samstundes som det gir veg av svært mykje betre standard enn i dag sørover heilt til Stavanger. Dei andre alternativa vil ikkje gje effekt for Samnanger utover at vegnettet i fylket sørover vert betra. For Samnanger er K5B klart det beste alternativet.

SAKNR. 042/11

ANSVAR- OG OPPGÅVEFORDELING MELLOM KYRKJA OG KOMMUNEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune overtek ansvaret for drift og vedlikehald av kyrkjegarden og parkeringsplassen ved Samnanger kyrkje. Dette inkluderer arbeidsgjevaransvar for personellet som har desse arbeidsoppgåvene i dag. Det er ein føresetnad av at dagens løyving til området vert overført frå kyrkja til teknisk eining.

Under føresetnad av at det er praktisk mogleg vil ordninga gjelda frå 01.01.2012.

Samnanger kommune vil yta konsulenttenester innan IT-område i den grad det er kapasitet.

Ytterlegare tenester – vaktmeisterteneste o.l. – vert i denne omgang ikkje aktuelt for kommunen å ta på seg.

03.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta først ugildskap til formannskapet sine medlemmer.

Bright Olav Gåsdaal stilte spørsmål om Øyvind Røen er ugild i saka sidan ektefelle er dagleg leiar for kyrkjestyret. Røen gjekk i frå og formannskapet røysta over gildskapen.

Røen vart samrøystes funnen ugild.

Gunnar Bruvik sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Det vert førebudd sak om vaktmeistertenesta for kyrkjene i Samnanger”

Bruvik trekte framlegget.

Det var røysta over tilrådinga, som vart samrøystes vedteke.

FORM-042/11 VEDTAK:

Samnanger kommune overtek ansvaret for drift og vedlikehald av kyrkjegarden og parkeringsplassen ved Samnanger kyrkje. Dette inkluderer arbeidsgjevaransvar for personellet som har desse arbeidsoppgåvene i dag. Det er ein føresetnad av at dagens løyving til området vert overført frå kyrkja til teknisk eining.

Under føresetnad av at det er praktisk mogleg vil ordninga gjelda frå 01.01.2012.

Samnanger kommune vil yta konsulenttenester innan IT-område i den grad det er kapasitet.

Ytterlegare tenester – vaktmeisterteneste o.l. – vert i denne omgang ikkje aktuelt for kommunen å ta på seg.

SAKNR. 043/11

EVALUERING AV TENESTA MED FØRSTEHJELPSBIL I SAMNANGER KOMMUNE

03.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ” Samnanger kommune skal framleis ha førstehjelpsbil. Det vert arbeidd vidare med å få økonomisk støtte for å dekkja delar av kostnadane, jfr. pkt C i saksutgreiinga.

Det vert ein ny gjennomgang og vurdering av uttrykkingsrutinane (kriteria).”

Det vart røysta over framlegget, som vart samrøystes vedteke.

FORM-043/11 VEDTAK:

- Samnanger kommune skal framleis ha førstehjelpsbil.
- Det vert arbeidd vidare med å få økonomisk støtte for å dekkja delar av kostnadane, jfr. pkt C i saksutgreiinga.
- Det vert ein ny gjennomgang og vurdering av uttrykkingsrutinane (kriteria).

